

Regional bibliotekplan for Rogaland 2014-2017

Vedteken i Rogaland fylkesting 10.-11. desember 2013 i sak 82/13

1 Innleiing

Kvifor bibliotek?

«No ligg alt på Internett, så no kan vi leggje ned biblioteket» er ein setning som ein høyrer somtid, men ikkje så ofte. Folk er nemleg glade i biblioteket sitt. Dei veit at der finn dei kunnskap og kultur, glede og sorg, utdanning og fritid, «et sted å værra», den boka eller filmen ein ville ha akkurat der og då. Gratis. Uforpliktande.

Bibliotek finst i mange variantar, med skulebibliotek gjennom heile utdanningslaupet, folkebibliotek i alle kommunar og somme bedriftsbibliotek. Fellestrekket er at dei samlar, systematiserer og formidlar kunnskap og kultur.

Biblioteket er òg ei forsikring. I land som har større økonomiske utfordringar enn oss, opplever ein at biblioteka kryr av menneske som leitar etter jobb, kvalifiserer seg til nye jobbar, og oppdaterer seg på kunnskap, nyhende og kultur.

Verdien av dette er stor. Forsking har synt at folk si vurdering av nytta av bibliotek er fire gonger større enn dei økonomiske ressursane kommunane puttar inn. Biblioteka er dei best omtykte offentlege tenestene av alle, både av dei som brukar dei og dei som ikkje brukar dei. Om lag halvparten av alle i Noreg er innom eit bibliotek minst ein gong i året.

Dette tyder ikkje at alt er bra. Det kan vera lett å få godt omdømme når tilbodet er gratis og ein sjeldan seier nei til brukarbehov. Det finst såleis mange utfordringar. I ei tid der det er større fokus på lesing og informasjonskompetanse enn nokon gong før, ser det ut til at mange kommunar nedprioriterer både folkebiblioteket og skulebiblioteket som arenaer for lese glede, nyfikne og kompetanseutvikling.

Denne planen handlar fyrst og fremst om fylkeskommunen sine prioriteringar i arbeidet med bibliotek. Sidan dette er ein regionalplan etter Plan- og bygningslova, skal han likevel vera rettleiande for kommunale og statlege styresmakter i Rogaland sitt bibliotekarbeid. Fylkeskommunen si rolle er hovudsakleg som utviklar, pådrivar og tilretteleggjar, og det er grunnlaget for kapitla om utfordringar og handlingsprogrammet. Dette er ein bibliotekplan, ikkje ein litteraturplan. Litteraturen som kunstart blir handsama i den komande Regionalplan for kultur.

2 Utfordringar og moglegheiter for biblioteka

2.1 Bibliotek i samarbeid

Bibliotek samarbeider med kvarandre. Det blir slege fast allereie i Lov om folkebibliotek, der det står at «Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt biblioteksystem». Dette inneber mellom anna at biblioteka samarbeider om medieforsyning gjennom fjernlån. Dersom eit bibliotek manglar ei bok eller noko anna som ein lånar ynskjer å bruke, skal biblioteket låne inn frå eit anna bibliotek. Nasjonalbiblioteket har det nasjonale hovudansvaret for dette gjennom Depotbiblioteket i Rana, men fylkeskommunen har òg hatt eit ansvar for den regionale medieforsyninga gjennom samarbeidet med Sølvsberget KF.

Biblioteka samarbeider òg på andre arenaer. Barnebibliotekarane i fylket samarbeider om regionvise vurderingsmøte, der dei går gjennom aktuell barnelitteratur og formidlar til kvarandre. Dette vart starta opp av fylkesbiblioteket, men er i dag sjølvgåande.

Biblioteksjefane i nokre av regionane møtest òg med jamne mellomrom for å diskutere felles utfordringar. Det gjeld særleg Jæren, Ryfylke og Nord-Jæren, medan det er mindre på Haugalandet og ikkje-eksisterande i Dalane. Desse møta danna utgangspunktet då Klepp, Sola og Time gjekk saman i Jærbiblioteka og Forsand, Strand, Finnøy, Hjelmeland, Suldal og Sauda gjekk saman i Ryfylkebiblioteket.

Dette er samarbeidskonstruksjonar som liknar på det som har skjedd i museumssektoren. Biblioteksamarbeida har ikkje ei felles leiing, men blir drivne av tilsette i kvar sine kommunar med kvar sine budsjett. Dette kan vera samarbeidsmodellar som lét seg overføre til andre, sjølv om det kan vera tenleg å formalisere litt sterkare, til dømes med felles leiing.

Biblioteka bør òg vurdere kva dei skal bruke tid og ressursar på. Bortsett frå i dei to samarbeidsregionane, sit kvart enkelt bibliotek og katalogiserer, kjøper inn, vedlikeheld datasystem osv. Det bør vurderast om ein uavhengig av organisasjonsform bør lage fylkesdekkjande løysingar for tekniske tenester slik at dei tilsette i biblioteka kan konsentrere seg meir om formidling og samarbeid på tvers av kommunegrenser.

Det er ei utfordring i spørsmålet om biblioteksamarbeid at det kan koma ei kommunereform i denne perioden. Mange kommunar er skeptiske til konsolidering, sidan ein går inn i ein periode med drøfting av ny kommunestruktur og helst ikkje vil lage nye bibliotekkonstruksjonar som eventuelt går på tvers av nye kommunegrenser. Likevel kan ein ikkje setje bibliotekutvikling, som føreset samarbeid, på vent til kommunevalet i 2019. Fylkeskommunen må bidra til å finne samarbeidsløysingar som kan tilpassast ein ny kommunestruktur..

Dei regionale samarbeida som finst i fylket bør utviklast og stimulerast, og gjerne utvidast med fleire. Dersom kommunane går saman i forpliktande samarbeid blir det òg lettare for fylkeskommunen å gje bidrag til utvikling. Større bibliotekeningar vil òg kunna få tilskot til å utvikle og forvalte fellestenester for heile bibliotek-Rogaland, slik Sølvsberget allereie gjer med fjernlån, Internasjonalt bibliotek og lokallitteratur. Ein kan til dømes sjå for seg ansvarsbibliotek for barnelitteratur, nynorsk, musikk og film,

ungdom, immateriell kulturarv og profilering og marknadsføring. Dette lét seg ikkje gjera med dagens bibliotekstruktur.

Fylkeskommunen samarbeider med andre fylkeskommunar gjennom fylkesbiblioteksjefkollegiet, og skal bidra med erfaringsutveksling på tvers av fylkeskommunane slik at dette kan gjenbrukast av biblioteka i fylket.

Fylkeskommunen vil stimulere til forpliktande samarbeid og erfaringsutveksling mellom folkebibliotek på tvers av kommunane og fylkeskommunane.

2.2 Barn og unge

All statistikk syner at barn og unge er dei største bibliotekbrukarane. Mykje av bruken er knytta til utdanningsbiblioteka frå dei startar i skulen, til dei går ut av høgere utdanning, men folkebiblioteka òg er viktige arenaer for barn og unge, heilt frå barnehagealderen av. I dei mange kommunane som har dårlege skulebibliotektenester er folkebiblioteka særleg viktige for lesestimulering og -utvikling. Folkebiblioteka må gje tilbod som gjer at ungane og foreldra trivst der og har lyst til å koma tilbake.

Barnehagane er vortne den viktigaste læringsarenaen for dei fleste ungane frå 1-5 år. Nokre kommunar har satsa systematisk på barnehagebibliotek, andre overlét til kvar enkelt barnehage å vurdere kva som trengst.

Læreplanverket for grunnskulen understrekar kor viktige skulebiblioteka i grunnskulen er for å gje nye generasjonar basiskompetanse i både lesing, IKT og kunnskapstileining. Mange kommunar overser dette verkemidlet sjølv ved store skular.

Fylkeskommunen har ei viktig rolle som eigar av skulebiblioteka i den vidaregåande skulen. Strategiplanen for skulebibliotek viser at det nyttar å satse. Skulebiblioteka har fått heile stillingar, og kan på den måten vera ein pedagogisk ressurs for heile skulen.

Fylkeskommunen støttar Lesesenteret si ordning med lesegleddarar for å auke formidlingskompetansen og –kapasiteten i skulane og biblioteka.

Barn og unge er den gruppa som lettast fylgjer den digitale utviklinga. Biblioteka må finne nye vinklar som kan gjera det attraktivt å nytte biblioteket både som møteplass og litteraturformidlar sjølv om innhaldet blir meir digitalt.

Fylkeskommunen vil fremje og styrkje skulebiblioteka og folkebiblioteka sine barne- og ungdomstenester. Dette føreset eit utgreiingsarbeid i samarbeid med stat og kommune.

2.3 Biblioteket som lokal utviklingsaktør

Alle bibliotektypar har eit grunnlag som kunnskapsdelarar. Det kan vera til ei særskilt gruppe som elevar og studentar, eller til alle som bur i kommunen. Mykje av den direkte, faktabaserte informasjonen ein gjerne fann på biblioteket før, er no nokre tastetrykk unna på Internett. Alle bibliotek rapporterer om at faktaspørsmåla er sær

reduserte i omfang, særleg frå barn og unge. Førespurnadene frå publikum er no gjerne meir omfattande, der brukarane ber om hjelp til å strukturere og kvalitetssikre informasjon.

Samstundes ser ein at sjølv om mykje informasjon er eit tastetrykk unna, så er det framleis slik at ein sjeldan får gode svar om ein ikkje stiller dei gode spørsmåla. Informasjonskompetanse er ein viktig del av basiskompetansen i både skule og arbeidsliv, og her vil både skule- og folkebiblioteka kunna ha ei viktig rolle for å styrkje kunnskapen lokalt.

Som lokale kunnskapssenter kan òg biblioteka skapa arenaer der gründarar kan nytte biblioteka sine ressursar i fysiske og digitale samlingar. Biblioteka kan leggje til rette for idédugnader med næringsavdelinga i kommunen, Innovasjon Noreg osv. Lokala kan òg nyttast gratis av gründarar og andre lokale aktørar som vil drive idéutvikling. Andre stader ser ein at biblioteka kan låne ut kontorplassar, teknisk utstyr m.m. som er tilpassa småbedrifter og gründarar.

Biblioteka kan òg engasjere seg som arenaer for lokal utvikling gjennom å arrangere møte og seminar som fokuserer på planlegging, lokal kompetanseheving m.m.

Fylkeskommunen skal bidra med kompetansebygging og nettverksarbeid for å styrkje biblioteka si rolle som lokalsamfunnsutviklarar.

2.4 Biblioteket som møteplass og demokratisk arena

Dette temaet er den viktigaste endringa i den nye biblioteklova: det blir slege fast at: «*Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt*». I den gamle lova var ikkje dette nemnt i det heile. Likevel har det utvikla seg ein praksis der dei fleste folkebiblioteka har møte og arrangement, både åleine og saman med andre. I Rogaland er Folkeakademiet ein viktig samarbeidspartnar mange stader, både med barneprogram og kulturelle og politiske program for vaksne. Det er viktig at biblioteka inkluderer barn og unge i dette arbeidet, slik at det ikkje berre blir ei satsing for vaksengenerasjonen.

Mykje av diskusjonen dei siste åra har gått om dei nye litteraturhusa si rolle i høve til folkebiblioteka. Dersom ein samanliknar programma for Litteraturhuset i Oslo med programmet til Deichmanske bibliotek (folkebiblioteket i Oslo), ser ein at dei er påfallande like, både i tematikk og målgrupper. Det er forfattarbesøk, føredrag og debattar. I tillegg har biblioteket fleire arrangement av typen lesesirklar, språkkafear og fleire høve for brukarane til å engasjere seg sjølve.

Biblioteka har òg føremon av å vera eit lågterskeltilbod, der alle har rett og høve til å finne eit rom som kan passe. I og med at det er gratis er det heller ikkje noko kjøpepress. Den uformelle møteplassen er òg viktig. Ein skal ikkje på noko arrangement, men møter kjentfolk og slår av ein prat. Mange opplever òg å koma i kontakt med nye folk i lokalsamfunnet, t.d. at ein oppdagar felles interesser når ein kikkar på same plass i bokhylla eller i tidsskriftavdelinga.

Biblioteket kan vera ein aktiv tilretteleggjar for slike møte. Det kan ta initiativ til lesesirklar, filmkveldar, datakurs og andre aktivitetar som bidreg til å opprette kontakt mellom folk som elles ikkje ville vore kjende.

Mange av folkebiblioteka i fylket treng nye lokale eller ei kraftig ominnreining for at ein skal kunna fylle den nye oppgåva på ein god måte. Fram til no har særleg arrangementsdelen vore avhengig av høvelege lokale og ein initiativrik biblioteksjef i samarbeid med andre. Frå den nye biblioteklova blir gjort gjeldande er kommunane pliktige å ha folkebibliotek som fyller kravet om å vera ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt. Dette kjem til å stille krav både til biblioteklokala og personalet sin kompetanse og storleik.

Fylkeskommunen må ha kompetanse og kapasitet til å delta i slike prosessar. Regionalt utviklingsprogram (RUP) er ein partner i arbeidet. Spelemidlar til lokale kulturbygg er ei støtteordning som kan hjelpe både til nybygg og rehabilitering/ombygging av gamle bygg. Bibliotek kan gjerne plasserast saman med andre offentlege eller kommersielle tenesteytarar for å få gje gjensidig nytte i publikumsbygging.

Fylkeskommunen skal vera initiativtakar til å utvikle biblioteka sine roller som debattarena, uformell møteplass og formidlarar.

2.5 Biblioteket som inkluderingsarena

Mangfald og integrering er vorte viktigare og viktigare tema dei siste åra, både i samfunnet generelt og i biblioteksektoren. Feltet er stort, og gjeld minoritetar innan særst ulike felt som innvandrarar, ulik etnisk bakgrunn, personar med nedsett funksjonsevne, ulike aldersgrupper eller seksuell orientering. Biblioteka si oppgåve er todelt: å sjå kvar enkelt person som eit individ med sine behov for kultur og læring, og at universell utforming er viktig for alle som brukar biblioteka.

Når ein innvandrar kjem på biblioteket har han/ho same behov som alle andre: for læring, for kunnskap, for underhaldning. Gjennom andre offentlege aktørar som Nav, vaksenopplæringa og arbeidsgjevaren, vil ein utlending oftast møte krav om å lære norsk snøgt, oppdatere seg fagleg for å tilpasse seg norske tilhøve og lære seg sosiale kodar. Dette vil truleg opplevast som både stressande og utfordrande i periodar. Her fungerer biblioteket som lågterskeltilbod. Ved å sjå brukaren som individ, kan biblioteket hjelpe både med å skaffe norskkurs, faglitteratur på norsk og morsmålet, og underhaldning på både norsk og morsmål. Gjennom at biblioteket er ein lågterskelarena for brukarane, oppstår det òg ofte situasjonar der personalet gjev råd om andre tenester som er viktige for brukaren.

Ingen bibliotek har ressursar eller kompetanse til å levere fullgode tenester på alle språk. Berre i Stavanger bur det folk frå til saman 175 nasjonar. I dag blir framandspråkleg litteratur levert frå i hovudsak to kjelder: Internasjonalt bibliotek ved Sølvberget og Det flerspråklige bibliotek ved Deichmanske bibliotek. Båe har litteratur og film på over 50 språk. Folkebiblioteka og skulebiblioteka kan bestille både samlingar for ein lengre periode, og enkelttitlar som vanlege fjernlån.

Fleire bibliotek samarbeider med både flyktingetenesta, Nav og vaksenopplæringa i kommunen for å gje dei nye borgarane gode tenester. Det er ikkje kartlagt i kor stor grad dette skjer, og det er i det heile lite statistikk på dette området. Dei som må gå på Introduksjonsprogrammet med norsk- og samfunnsfagopplæring, møter nok biblioteka i større grad enn EØS-innvandrarar som ikkje får denne opplæringa. I

«Regionalplan for et inkluderende samfunn 2010-2014» står det som eit tiltak i handlingsplan for 2011 i punkt 1.3.3 at fylkeskommunen skal kartlegge tilhøvet mellom innvandrarak og bibliotekpersonalet og vurdere kva kunnskapar bibliotekpersonalet treng og utvikle program for kompetansebygging. Dette er framleis ikkje gjort, og må fylgjast opp. Internasjonalt bibliotek og Det fleirspråklege biblioteket er viktige samarbeidspartnarar.

Fylkeskommunen skal bidra til å auke biblioteka sin kompetanse til å inkludere innvandrarak, både dei som kjem som flyktningar/asylsøkkarak og arbeidsinnvandrarak.

2.6 Kompetente bibliotek

Som alle offentlege tenester treng biblioteka kompetente medarbeidarar. Tradisjonelt så har ein prøvd å tilsetje bibliotekarar med treårig bibliotek- og informasjonsutdanning frå Høgskolen i Oslo og Akershus som biblioteksjefar og i bibliotekarstillingar. Lov om folkebibliotek seier at alle kommunar skal ha ein fagutdanna biblioteksjef. Dette kravet held fram i den nye lova. Dersom det ikkje er fagutdanna søkkarak til ei utlysing som biblioteksjef, så kan kommunen få dispensasjon frå kravet. Dette er oftast tilfelle i små kommunar der det gjerne er deltidsstillingar, til og med som biblioteksjef. I Rogaland er det i 2013 sju kommunar der biblioteksjefen har ei anna utdanning enn bibliotekfagleg. Dei aller fleste av desse har ei høgskule- eller universitetsutdanning i botn og har supplert med vidareutdanning innan bibliotek. Ein kan seie at det er særleg i dei små kommunane det er nyttig at biblioteksjefen har ei fagutdanning, sidan han/ho gjerne er einaste tilsette og må ta seg av alle arbeidsoppgåvene, som medieutval, økonomi, formidling til barn og vaksne, arrangement, marknadsføring og samarbeid med andre.

I dei større biblioteka, med større personale, kan ein gjerne variere kompetansen meir, slik at ein får inn medarbeidarar som er litteraturvitarar, marknadsførarak, økonomar osv. Vi ser òg at i dei to biblioteksamarbeida vi har i fylket, Ryfylkebiblioteket og Jærbiblioteka, så er det meir ope for å nytte kompetansen i biblioteka på tvers. Det er lettare å dele kompetanse mellom bibliotek som høyrer saman i eit forpliktande samarbeid, enn mellom bibliotek som ikkje samarbeider elles. Det er viktig at kompetanseheving gjeld alle yrkesgrupper i biblioteka, og ikkje berre tradisjonelt bibliotekararbeid.

Med den nye folkebiblioteklova er det større vekt på aktiv formidling, dette krev auka kompetanse og ressursar i folkebiblioteka. Biblioteka er på veg til å bli meir litteratur- og informasjonshus med vekt på oppleving og formidling. Bibliotekarar har ofte lagt meir vekt på organisering av kunnskapen enn formidlinga av han.

Utvikling av kompetansehevande tiltak må utførast i samarbeid med kommunane slik at dei blir mest mogleg relevante for dei som arbeider i biblioteka.

Fylkeskommunen må leggje til rette for eit kompetanseløft for å gjera biblioteka i fylket betre i stand til å fylle dei nye oppgåvene. Kommunane må fylgje opp med tilsvarande ressursar slik at dei tilsette kan nyttiggjera seg slike tilbod.

2.7 Biblioteka og det digitale samfunnet

Etter kvart er det vorte ein floskel, men det er ingen tvil om at samfunnet blir meir og meir digitalisert, og med det biblioteka. Biblioteka var på mange måtar tidleg ute, både med å få lagt katalogar over i databasar, heimesider på Internett og elektronisk kommunikasjon med lånarane. Mykje av den reine informasjonsverksemda er òg flytta over til Internett, ved at lånarane finn informasjon sjølve.

I denne stoda er det viktig å fokusere på at hovudoppgåva til biblioteka ikkje er å låne ut bøker som skal leverast tilbake. Hovudoppgåva er, som det står i Lov om folkebibliotek, «å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet». Biblioteka skal gjera det gjennom samlingar og rom, både fysiske og digitale. Utlån av bøker er ein metode for å få til dette. Å kjøpe tilgang til digitale ressursar, som ibuarane i kommunen og fylket kan ha glede og nytte av, er ein annan metode som blir viktigare etter kvart. Det er viktig å arbeide med å sikre biblioteka retten til å dele informasjon, dette er no i fare for å bli truga av at lisensar på digital litteratur ofte ikkje tillet digitalt fjernlån, og av og til ikkje utskrift til papir heller. Dermed blir mykje av litteraturen låst inne bak digitale murar hjå universitets- og høgskulebiblioteka. Her må biblioteksektoren jobbe saman for å finne gode løysingar.

Kunnskapsomgrepet er òg under utvikling. Der ein tidlegare kunne seie «les denne boka» om ein var interessert i eit emne, blir kunnskap meir og meir spesialsydd til kvar einskild person eller verksemd. Biblioteka må få heva kompetansen slik at bibliotekarane kan fungere som kunnskapsutviklarar, ikkje berre kunnskapsforvaltarar og –formidlarar. Kvart bibliotek må skreddarsy tenestene til sitt lokalsamfunn.

Ryfylkebiblioteket og Stavanger bibliotek er med i Kulturrådet sitt prøveprosjekt med utlån av e-bøker. Dette er bøker som kan lastast ned til ulike digitale einingar (nettbrett, lesebrett, mobiltelefonar, datamaskiner), og som blir automatisk sletta når «lånetida» går ut. Dette er heilt i oppstarten, så det er tidleg å seie korleis dette går. Framleis er det relativt få som har prøvd e-bøker i Noreg. Det er til dels gode røynsler med e-bøker i andre land, men bokbransjen i Noreg har halde att på tilgangen til bøker. Det er enno ikkje laga varige avtalar for kjøp av norske e-bøker.

Når litteraturen blir digital bør òg formidlinga og marknadsføringa av biblioteka bli meir digital. Der forlag og bokhandlarar er ute etter å selje bøker, vil biblioteka si rolle framleis vera å tilrå og fremje litteratur uavhengig av kven som skriv eller sel. Biblioteka har høg tillit frå både brukarar og ikkje-brukarar. Denne bør brukast til å utvide spekteret for kva folk vel å lesa, slik at det ikkje berre er forlaga og bokhandlarane sine marknadsføringsbudsjett som avgjer kva folk vel å lesa.

Tilgjengeleggjing av lokal litteratur og informasjon er ein viktig del av biblioteka sitt oppdrag i lokalsamfunnet. Nasjonalbiblioteket sitt oppdrag er å digitalisere all litteratur utgjeven i Noreg. Det er grunn til å tru at samlingane deira av lokal litteratur ikkje er fullstendige, sidan lokale utgjevarar ofte ikkje har hatt kapasitet eller kompetanse til å fylgje opp reglane om pliktavlevering. Dei lokale biblioteka bør halde eit auga med den lokale produksjonen for å sikre at litteraturen blir digitalisert. Når Nasjonalbiblioteket har digitalisert, bør biblioteka syte for å formidle den digitale litteraturen frå sitt område.

Etter kvart som samfunnet er meir og meir innretta på digital kommunikasjon og samhandling mellom innbyggjarane og både offentleg og privat sektor, er det fare for at ein del blir hengande att. Biblioteka kan ha ei rolle som digital læringsarena og bidra til at desse får tilbod om opplæring og hjelp til å koma seg inn i digitale arenaer.

Fylkeskommunen skal saman med andre aktørar finne fellesløysingar på ulike digitale område som e-bøker, kunnskapsressursar og biblioteksystem slik at folkebiblioteka kan fokusere meir på formidling av både fysiske og digitale media.

3 Hovudmål for biblioteka i Rogaland

1. Biblioteka i Rogaland skal fremja opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd for alle som bur i Rogaland gjennom mediesamlingar, aktivitetar basert på lokale behov og ressursar og regionalt samarbeid. Rogaland skal vera eit av dei sterkaste bibliotekfylka i Noreg, med høgt fagleg nivå på tenestene. Biblioteka skal vera ein føretrekt arena for kultur- og kunnskapsutvikling og samfunnsdebatt i lokalsamfunna.
2. Biblioteka si rolle i lokalsamfunna skal styrkjast ved målretta tiltak i samarbeid mellom fylkeskommunen og lokale, regionale og nasjonale aktørar.

4 Satsingsområde

4.1 Bibliotek i samarbeid

1. Stimulere til forpliktande samarbeid mellom folkebibliotek.
2. Samordne tekniske tenester for å frigjera tid til formidling i lokalbiblioteka.
3. Tildele faglege ansvarsområde til regionale biblioteksamarbeid.

4.2 Barn og unge

1. Utvikle skulebibliotektenester etter mønster frå kommunar som har gode skulebibliotek og kombinasjonsbibliotek.
2. Utvikle barnehagebibliotek.
3. Auke samarbeidet mellom biblioteka og andre aktørar lokalt og regionalt.

4.3 Biblioteket som lokal utviklingsaktør

1. Samarbeide med næringsaktørar om utvikling av metodikk for samfunnsutvikling.
2. Utvikle nettverk mellom bibliotek og lokale aktørar.
3. Biblioteka skal utvikle tenester i nært samarbeid med både frivilljuge, private og offentlege aktørar.

4.4 Biblioteket som møteplass og demokratisk arena

1. Utvikle rolla som debattarena i lokalsamfunnet for alle generasjonar.
2. Styrkje biblioteka som uformell møteplass gjennom gode opningstider.
3. Styrkje biblioteka som formidlarar gjennom gode romløysingar.

4.5 Biblioteket som inkluderingsarena

1. Auke kompetansen innan fleirkulturell kommunikasjon.
2. Styrkje samarbeid mellom biblioteka og organisasjonar for ulike minoritetar.
3. Utvikle Internasjonalt bibliotek og samarbeidet med Det fleirspråklege biblioteket.

4.6 Kompetente bibliotek

1. Vera aktiv i bibliotekutviklinga nasjonalt og internasjonalt.
2. Bidra til å auke kompetansen innan ulike tema i biblioteka i fylket.

3. Utvikle praksisfellesskap på tvers av bibliotek, t.d. gjennom hospitering internt i fylket og med resten av landet.
4. Følge opp bibliotek med ufaglærte biblioteksjefer for å styrkje kompetansen.

4.7 Biblioteka og det digitale samfunnet

1. Finne fellesløsninger for digitale media og tenester saman med nasjonale og lokale aktører.
2. Auke omfanget av digital formidling og medieinnkjøp.
3. Arbeide for å digitalisere lokale kulturuttrykk.

5 Handlingsprogram 2014-2017

Satsingsområde	Tiltak	Aktører/ansvar	Kostnad/ressurs	Startår
4.1.1 Stimulere til biblioteksamarbeid	a) Invitere til evaluering og presentasjon av eksisterende biblioteksamarbeid	RFK	Personalressurs	2014
	b) Etablere eit regionalt innovasjonsforum for bibliotek.	RFK Kommunane Organisasjonar	Personalressurs	2015
4.1.2 Tekniske tenester	a) Vurdere felles katalog og lånarregister for biblioteka i Rogaland.	RFK Kommunane Sølvberget KF	Personalressurs.	2014-2016
	b) Vurdere å få med dei vidaregåande skulane i transportordninga.	RFK	Personalressurs, ev. kostnad for Opplæring i tillegg.	2014
	c) Evaluere transportordninga og kostnadsfordelinga.	RFK Kommunane	Personalressurs	2014
4.1.3 Regional fordeling av ansvar	Identifisere ansvarsområde som kan fordelast på regionale biblioteksamarbeid.	RFK Kommunane	Personalressurs, deretter spleiselag.	2015
4.2.1 Skulebibliotektenester	Inspirasjonssamlingar for skulebibliotekansvarlege.	RFK Kommunane Fylkesmannen Lesesenteret Universitetet i Agder	Personalressurs. Deltakaravgift.	2015
4.2.2 Barnehagebibliotek	Formidle røymsler frå kommunar som har barnehagebibliotek.	RFK Barnehageeigarar Lesesenteret	Personalressurs.	2015
4.2.3 Samarbeid med andre aktører	Oppmode til å inkludere bibliotektilsette i til dømes Den kulturelle skulesekk-gruppene.	Kommunane RFK	Personalressurs	2014
4.3.1 Samarbeid med næringsaktører	a) Formidle kurs og tiltak innan næringsutvikling.	RFK	Personalressurs	2015
	b) Arrangere kurs i biblioteket som lokalsamfunnsutviklar.	RFK Innovasjon Noreg	Personalressurs	2015
4.3.3 Tenesteutvikling i samarbeid med eksterne aktører	Utvikle arenaer for medverknad lokalt.	Kommunane RFK	Personalressurs	2015
4.4.1 Debattarena	a) Kompetanseheving for arrangørar.	RFK Kommunane	Personalressurs Deltakaravgift	2014
	b) Arrangere minst 1 debattmøte i året.	Kommunane	Personalressurs	2015
4.4.2 Gode opningstider	Gjennomføre analyse med sikte på å finne potensiale for auka opningstider.	Kommunane RFK	Personalressurs Driftsutgifter i kommunane etter behov	2015
4.4.3 Gode romløyningar	a) Analysere biblioteklokala med bakgrunn i ny biblioteklov.	Kommunane RFK	Personalressurs	2015-2016
	b) Prioritere biblioteklokale innan støtteordninga for lokale kulturbygg.	RFK	Personalressurs	2014

4.5.1 Fleirkulturell kommunikasjon	Utvikle tiltak for kompetanseoppbygging i biblioteka.	RFK Internasjonalt bibliotek Det fleispråklege biblioteket.	Personalressurs	2014
4.5.2 Samarbeid bibliotek og minoritets-organisasjonar	Skape møteplassar mellom organisasjonane og biblioteka.	RFK	Personalressurs	2015
4.5.3 Internasjonalt bibliotek / Det fleispråklege biblioteket	Ha årlege møte for å evaluere tilboda og bruken av dei.	RFK Sølvberget DFB	Personalressurs	2014
4.6.1 Fylgje med i bibliotekutviklinga	a) Delta på relevante seminar og samlingar.	RFK Kommunane	Personalressurs Kursavgifter	2014
	b) Arrangere biblioteksjefmøtet som studietur annakvart år.	RFK Kommunane	Personalressurs Auka eigendelar frå deltakarane.	2015 2017
4.6.3 Praksisfelleskap	Utvikle hospiteringsordningar så bibliotektilsette kan hente røynslar gjennom praksis hjå andre.	Kommunane RFK Andre fylkeskommunar.	Personalressurs	2016
4.6.4 Ufaglærte biblioteksjefar	Analysere kva kompetanse som trengst i kommunar med ufaglært biblioteksjef.	RFK Kommunane Nasjonalbiblioteket	Personalressurs	2015
4.7.1 Fellesløysingar for digitale tenester	Organisere samarbeid om digitale tenester og media.	RFK Kommunane Universitet og høgskulane i fylket.	Vurderast i samråd med kommunane.	2014
4.7.2 Digital formidling og medieinnkjøp	Analysere bruksmønster for å gje brukarane relevante tilbod.	Kommunane RFK	Personalressurs	2014
4.7.3 Digitalisering av lokalkultur	Samarbeide med regionmusea for å sikre digitalisering av lokal kulturarv.	Kommunane Musea Nasjonalbiblioteket	Personalressurs	2015
Generelle tiltak for heile planen				
Personalressurs	Tilsetje bibliotekrådgjevar med fagutdanning og praksis.	RFK	800.000	2015
Prosjektstøtteordning	Opprette støtteordning som kan gå til små og store utviklingstiltak med overføringsverdi.	RFK Kommunane	500.000 Intern omprioritering.	2014
Stimuleringsmidlar	Opprette ei støtteordning som skal gå til oppretting og utvikling av formaliserte biblioteksamarbeid.	RKF Kommunane	1.000.000	2015

Vedlegg

Stoda og utviklingstrekk for bibliotek og lesing i Rogaland

1 Lesing og kulturbruk

Våren 2013 gjennomførte Epinion Stavanger ei undersøking for Rogaland fylkeskommune, der eit representativt utval rogalendingar vart spurde om sitt tilhøve til lesing og bibliotek. I parentes samanliknar vi med *Leserundersøkelsen 2012*, som blir utført av Synovate for Bokhandlerforeningen og Forleggerforeningen.


85 % (Noreg: 90 %) av dei som svara hadde lese minst ei bok dei siste 12 månadene. Kvinner les meir enn menn, noko som synest ved at 91 % (Noreg: 96 %) av kvinnene i Rogaland las minst ei bok siste 12 månader, 78 % (Noreg: 84 %) av mennene. Det kan sjå ut som om Rogaland ligg litt under landsgjennomsnittet, både for kvinner og menn. Dette er ei ny utvikling, hittil har Rogaland lege over landsgjennomsnittet for både lesing og bibliotekbruk.

Vi kan òg sjå på statistikk frå biblioteka. Utlånsstatistikken er påliteleg som ein indikator som seier noko om bibliotekbruk. Besøksstatistikken er ikkje like påliteleg, sidan han i stor grad er basert på eit gjennomsnitt rekna ut frå to manuelle teljeveker i dei biblioteka som ikkje har automatisk dørteljar.

Tala viser at det jamt over har vore ein nedgang i bibliotekbruken i Rogaland dei siste 10 åra, det gjeld særleg utlån. Utslaget er særleg stort i 2012. Vi veit at Stavanger heldt stengt ein periode på grunn av byggjearbeid, og at fleire bibliotek har opplevd store utslag etter skifte av biblioteksystem. Likevel er trenden klår: det er mindre utlån. Rogaland nærmar seg òg landsgjennomsnittet, ved at utlånet i fylket låg 24 % over landsgjennomsnittet i 2005 og berre 12 % over landsgjennomsnittet i 2012. Utlånet per ibuar har gått ned med 17 % i Rogaland, og med 9 % på landsbasis.


Dette skjer samstundes som vi ser to-tre trendar som slår inn på ein gong: enorm økonomisk vekst, enorm folketalsvekst og at store delar av folketalsveksten er basert på ibuarar med utanlandsk opphav, særleg frå sentral- og austeuroopa. Når biblioteka i fylket ikkje klarer å oppretthalde dei gode utlånstala samanlikna med resten av landet, er det mogleg at det er ein kombinasjon av desse faktorane som er grunnen. Norsk kulturbarometer viser at husstandar med samla inntekt over kr 1.050.000 er dei som besøker biblioteket minst.

Figur 1: Utlån per ibuar i Rogaland og Noreg



Dalane: Eigersund, Sokndal, Lund, Bjerkreim. Jæren: Klepp, Time, Hå, Gjesdal. Nord-Jæren: Stavanger, Sandnes, Sola, Randaberg. Ryfylke: Rennesøy, Kvitsøy, Strand, Forsand, Finnøy, Hjelmeland, Suldal, Sauda. Haugalandet: Haugesund, Utsira, Karmøy, Tysvær, Bokn, Vindafjord.

Figur 2: Besøk per ibuar i Rogaland og Noreg



Same inndeling som figuren med utlånstal, bortsett frå at Karmøy er ute frå både Haugalandet og Rogaland p.g.a. manglande data.

Kjelder:

- Kulturinteresse og kulturaktivitet på Nord-Jæren
- Norsk mediebarometer
- Norsk kulturbarometer
- Bokhandlerforeningen
- Undersøking om lesing og bibliotek i Rogaland

2 Bibliotek

Ein skil ofte mellom to hovudgrupper bibliotek: folkebibliotek og fagbibliotek. Folkebiblioteka er dei som er opne for folk flest og finansierte og drivne av kommunane. Fagbiblioteka har oftast snevrare føremål og er finansierte gjennom skular på ulike nivå, forskingsinstitusjonar, museum, statlege organ eller andre som treng ei bibliotekteneste. I Noreg er nesten alle bibliotek offentlege. Nokre private verksemdar har informasjonstenester som byggjer på bibliotekarkompetanse, til dømes har Statoil dei siste åra tilsett mange bibliotekarar til å arbeide med informasjonsflyt og kvalitetssikring i prosjekta sine.

2.1 Nokre tal for Rogaland

Bibliotektype/år	Tal avdelingar	Utlån
Folkebibliotek 2012	46	2 506 109
Folkebibliotek 2011	46	2 716 842
Folkebibliotek 2010	50	2 660 345
Grunnskulebibliotek 2012	Ca 200	770 518
Grunnskulebibliotek 2011	Ca 200	799 770
Grunnskulebibliotek 2010	Ca 200	765 077
VGS-bibliotek 2012	42	80 834
VGS-bibliotek 2011	42	60 499
VGS-bibliotek 2010	42	52 140
UH-bibliotek	8	
Andre bibliotek	29	

Gruppa UH-bibliotek (Universitets- og høgskulebibliotek) inneheld dei tre biblioteka til Universitetet i Stavanger, Høgskolen Stord/Haugesund si avdeling i Haugesund, Diakonhjemmets høgskole i Sandnes, BI Stavanger, Misjonshøgskulen og Høgskulen for landbruk og bygdenæring på Klepp. "Andre bibliotek" er t.d. fengselsbibliotek, museumsbibliotek, sjukehusbibliotek, firmabibliotek og direktorat.

Folk i Rogaland er mellom dei mest ivrige bibliotekbrukarane i landet. Basert på tal frå Kostra (www.ssb.no/kostra) kan vi sjå at kvar rogalending lånte 5,5 bøker og andre media på folkebiblioteka i 2012. Likevel ser vi ein nedgang på over 10 % frå 2011, noko som tyder at biblioteka i Rogaland ikkje klarte å "ta unna" for den store folketalsveksten i fylket.

2.2 Fylkesbiblioteket

I Lov om folkebibliotek er alle fylkeskommunar pålagde å ha eit fylkesbibliotek. I 2013 vart Lov om folkebibliotek endra. Dette står om bibliotekoppgåvene til fylkeskommunen i den nye lova:

§ 6. Generelt

Fylkeskommunen skal ivareta regionale bibliotekoppgaver og regional bibliotekutvikling, herunder gi råd til lokale myndigheter, yte bibliotekfaglig veiledning og assistanse, og arrangere møter og kurs om bibliotekspørsmål.

Fylkeskommunen kan opprette avtaler om felles bibliotekdrift og lånesamarbeid med en eller flere kommuner.

§ 7. Kompetanse

Fylkeskommunen skal ha bibliotekfaglig kompetanse på ledernivå til å gjennomføre fylkeskommunale bibliotekoppgaver. Departementet gir nærmere forskrifter om kvalifikasjonskrav.

I høve til den gamle lova så forsvann pålegget om å ha institusjonen «fylkesbibliotek». I dag er fylkesbiblioteka utruleg forskjellige frå fylke til fylke, med Rogaland som minste og Nordland som største. Elles er det òg ei endring at ein fjernar pålegga om å samarbeide med både Opplæringsavdelinga i fylkeskommunen og med fylkesmannen, ut frå at departementet meiner at lova ikkje skal overstyre interne prioriteringar og samarbeidsløysingar.

Utviklinga for dei fleste fylkesbiblioteka har gått frå å vera fjernlåssentralar som formidla fjernlånsbestillingar med ei eiga boksamling i samarbeid med det største biblioteket i fylket, til å vera utviklingsaktørar med somme driftsoppgåver i tillegg. I mange fylke driv fylkesbiblioteket med bibliotekbuss, bokbåt, drift av biblioteksystem for skular m.m. I Rogaland er fylkesbiblioteket ein rein utviklingsaktør som driv rådgjeving, arrangerer kurs for folke- og skulebibliotek og koordinerer nokre viktige tenester for biblioteka. Det siste tilskotet på stammen er at fylkesbiblioteket starta opp ei bibliotektransportordning for Rogaland, der vi gjennom eit spleiselag med kommunane kjøper tenester av Norsk bibliotektransport for å frakte bøker og andre media mellom biblioteka på ein effektiv måte.

Kursa som blir haldne rettar seg stort sett mot tilsette i folke- og skulebiblioteka. Litteraturformidling er det viktigaste, med kurs som rettar seg mot både barnelitteratur og vaksenlitteratur. Det er òg ei fast biblioteksjefsamling, det har vore kurs i digitale media, fleirspråkleg litteratur og ikkje minst Den nordiske barne- og ungdomslitteraturkonferansen.

Fylkesbiblioteket har òg andre sakshandsamingsoppgåver på litteraturfeltet, t.d. dei to litteraturstipenda, utleige av kunstnarbustader, registrering av Kongsgård-samlinga og bistand til lesegedarane.

"Hele Rogaland lesar" er òg eit tiltak som sorterer under fylkesbiblioteket. Det er eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Stavanger bibliotek og kulturhus, Næringsforeningen i Stavanger-regionen og LO i Rogaland, støtta av Sparebankstiftelsen SR-bank og Nasjonalbiblioteket. Dette tiltaket er eit reint lesetimuleringstiltak, der ein eller fleire rogalandsforfattar(ar) blir spreidd i 40.000 eksemplar i heile fylket gjennom folkebiblioteka og nettverket til samarbeidspartnarane. Målet er at så mange ibuarar som mogleg skal lesa den utvalde boka og få ei god leseoppleving for seg sjølv eller saman med andre, samstundes som boka gjerne skal vekke debatt. Samarbeidet med Næringsforeningen og LO er òg viktig for å spreie den utvalde boka gjennom arbeidslivet. I 2012 og 2013 har òg prosjektet vorte nytta som grunnlag for deltaking i «Den kulturelle nistepakka», eit statleg initiativ for å auke kulturformidlinga på arbeidsplassane.

2.2.1 Økonomien i fylkesbiblioteka

Brutto driftsbudsjett per innbygger i 2011-kroner										
Fylke	2001	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	Endring i % 2001-2011	Endring i % 2005-2011
Østfold	20,73	24,15	23,42	21,32	23,84	25,24	27,52	26,89	30 %	11 %
Akershus	23,97	21,69	23,66	24,02	23,49	24,60	23,85	29,41	23 %	36 %
Hedmark	25,01	24,27	25,37	25,41	25,74	24,90	24,23	27,95	12 %	15 %
Oppland	26,12	28,70	28,63	36,78	35,70	36,46	33,75	33,34	28 %	16 %
Buskerud	16,38	34,66	32,05	36,21	36,23	25,70	27,55	26,92	64 %	-22 %
Vestfold	43,48	40,73	40,42	36,91	40,60	33,48	34,58	27,83	-36 %	-32 %
Telemark	32,45	27,36	29,28	31,73	30,67	28,50	32,10	33,41	3 %	22 %
Aust-Agder	57,61	51,14	48,46	42,71	53,20	36,69	36,53	46,92	-19 %	-8 %
Vest-Agder	29,74	21,07	14,35	16,29	16,28	14,18	17,41	20,53	-31 %	-3 %
Rogaland	11,36	12,15	12,75	12,50	11,81	9,19	8,04	12,68	12 %	4 %
Hordaland	14,89	13,03	12,37	12,43	11,92	12,52	11,01	11,12	-25 %	-15 %
Sogn og Fjordane	57,02	54,90	54,02	53,31	56,49	58,69	61,64	58,63	3 %	7 %
Møre og Romsdal	28,95	29,30	30,97	29,46	30,90	25,19	25,06	25,69	-11 %	-12 %
Sør-Trøndelag	25,92	27,18	27,12	27,29	27,80	28,17	24,28	23,15	-11 %	-15 %
Nord-Trøndelag	43,21	43,63	43,37	43,24	44,62	48,92	47,51	44,53	3 %	2 %
Nordland	41,80	48,39	47,72	51,24	56,52	60,48	61,49	54,43	30 %	12 %
Troms	32,76	37,64	54,00	59,40	53,53	53,83	47,10	69,83	113 %	86 %
Finmark	126,01	120,09	106,27	146,01	134,54	108,14	112,05	109,47	-13 %	-9 %

Kilde Den årlige bibliotekstatistikken for årene 2000-2010. Statens bibliotektilsyn, ABM-utvikling, Nasjonalbiblioteket
NB: 2011-talet er basert på budsjett. Det reelle resultatet for Rogaland i 2011 var på kr 10,40 per ibuar.

Tabellen syner at Rogaland er mellom fylkeskommunane som brukar minst på fylkesbibliotektenesta. Dette gjeld både relativt (per ibuar) og i kroner og øre. Dette heng sjølvstamt saman med kva tenester fylkeskommunen tilbyr. Det endelege resultatet for Rogaland i 2011 vart til slutt litt over 10 kr per innbyggjar, ein oppgang frå 2010 p.g.a. den nordiske barne- og ungdomslitteraturkonferansen.

2.3 Folkebiblioteka

Alle kommunar er pålagt å ha eit folkebibliotek. Lov om folkebibliotek vart endra i juni 2013, truleg med verknad frå 1.1.2014. Den nye føremålsparagrafen ser slik ut:

§ 1. Målsetting

Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.

Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.

Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.

Bibliotekenes innhold og tjenester skal gjøres kjent.

Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt biblioteksystem.

I Rogaland er det 26 hovudbibliotek. Nokre av biblioteka har òg filialar, slik at det totalt er 46 folkebibliotekavdelingar i fylket. Her er eit kart: <http://goo.gl/maps/bEAC>. Dei blåe punkta er hovudbibliotek, dei grønne er filialar.

Biblioteka i Rogaland går for tida gjennom ei fornyingsbølge. Det er nye bibliotek i Time, Sokndal, på Varhaug og på Madla, og det er nye bibliotek under planlegging i Finnøy, Strand, Sauda, Vindafjord og moglegvis i Hå.

Det tyder på at lokalpolitikarane ser bibliotek både som ei nyttig og populær teneste. Medan kinoane i fylket hadde 1,1 mill. på besøk i 2011 hadde biblioteka 2,3 mill. besøk. Det er litt urettvist å samanlikne eit gratis tilbod med noko som kostar 70-100 kr per gong, men det seier iallfall noko om oppslutninga hos folk flest.

Hovudaktiviteten i folkebiblioteka er sjølvst utlån av bøker. Dei fleste prioriterer barn, når vi ser på utlån per ibuar er utlånet per barn veldig mykje høgare enn for vaksne. Alle biblioteka låner òg ut andre media. Film er mest populært. Lydbøker er òg noko alle har, og somme har musikk i større eller mindre grad.

Det er stor variasjon i andre aktivitetar i biblioteka. Dei fleste har eit godt samarbeid med grunnskulane i kommunen. Det blir lånt ut bokkasser, organisert klassebesøk i biblioteket, forfattarbesøk og andre aktivitetar. Lesekonkurransar om sommaren er ein måte der folkebiblioteka utfyller leseopplæringa i skulane.

Dei fleste biblioteka har ulike arrangement for vaksne òg. Forfattarbesøk, debattmøte, konsertar og lesesirkklar er nokre av aktivitetane som blir tilbodne i Rogaland. Biblioteka samarbeider ofte med andre aktørar for å få aktivitet. Folkeakademiet Rogaland er veldig aktive med å tilby turnéar for både barn og vaksne. Ulike lag og organisasjonar har òg møte og arrangement som er opne for folk flest i biblioteket.

I 2012 hadde folkebiblioteka i Rogaland 1132 arrangement for barn og vaksne med til saman 49 602 deltakarar. Om lag 1/2 av dei var ved Stavanger bibliotek, og 24 av 26 bibliotek hadde minst eitt arrangement.

Det er enorm skilnad mellom folkebiblioteka i Rogaland. Noko av skilnaden kjem sjølvst av at det er både særsmå og store kommunar i fylket, men når vi samanliknar tenestenivå og tilgjenge så er det meir fruktbart å sjå på faktorar som opningstider, innkjøps- og personalbudsjett per innbyggjar og tilvekst samanlikna med utlån og besøk per innbyggjar. Då er det eit mønster som peikar seg ut: dei kommunane som brukar minst pengar per innbyggjar på innkjøp og personale er òg mellom dei kommunane som har lågast utlån og besøk per innbyggjar.

2.3.1 10 kommunar med minst budsjett per ibuar i 2012

	Medie- og lønnsutgifter/ibuar	Besøk/ibuar (plassering)	Utlån/ibuar (plassering)	Ibuarar/årsverk (plassering)	Tilvekst/1000 ibuarar (plassering)
Sandnes	Kr 157	19	23	23	25
Eigersund	Kr 160	22	25	25	22
Gjesdal	Kr 201	15	22	19	18
Rennesøy	Kr 210	21	18	24	9
Klepp	Kr 211	16	11	21	20
Sokndal	Kr 212	3	4	12	7
Karmøy	Kr 213		14	20	17

Vindafjord	Kr 221	23	24	26	11
Strand	Kr 222	11	10	17	12
Haugesund	Kr 230	18	13	15	13

Tabellen er trekt ut av SSB sine Kostra-tabellar for 2012.

Dette er ikkje eintydige tal. Til dømes ligg Sokndal høgt på besøk og utlån per ibuar sjølv om dei ligg lågt på dei andre faktorane. I tillegg til at det er eit nytt bibliotek, er det eit kombinasjonsbibliotek, der utlån som skjer i skulebibliotektida blir rekna inn i folkebibliotekstatistikken. Det kan sjå ut til at dersom ein iallfall nærmar seg 220 kr per ibuar i medie- og lønsutgifter så jamnar det seg ut.

Grunnen til at medie- og lønsutgifter er dei mest relevante tala å sjå på når det gjeld økonomi er todelt. Det fyrste er at dei viktigaste innsatsfaktorane i bibliotekdrift er personale (for å gje sørvis, halde biblioteket ope og drive formidling) og innkjøp av media. Det andre er at kommunane har ulik praksis på kva ein gjer med kostnader med lokala. Somme kommunar leiger lokale og legg det på som kostnad på biblioteket, andre kommunar eig hus sjølv eller tek kostnaden på rekneskapen til byggavdelinga. Difor er det ryddigast å halde seg til dei bibliotekspesifikke kostnadene der kommunane kan variere satsinga.

2.3.2 Lokale utfordringar

Regionalisering. Det er aukande mobilitet i og mellom regionane i fylket. Mange forheld seg til både 2 og 3 folkebibliotek, sidan ein t.d. kan bu i både Bokn og Tysvær og jobbe i Haugesund/Karmøy og motsett. Det same gjeld i sørfylket, der mange på strekninga Rennesøy-Eigersund pendlar mot Stavanger/Sandnes. Nesten 20 % av dei aktive, vaksne lånarane ved folkebiblioteka bur i ein annan kommune. Kva utfordringar gjev dette for biblioteka og flyten dei imellom? Kva ventar lånarane seg? Er tida mogen for felles låneregjar, inkludert gebyrsatsar?

Kompetanse. Med særskilte ulik kommunestorleik er det òg varierende nivå på kompetansen i biblioteka. Det er krav om fagutdanna biblioteksjef, men samstundes veit vi at det er vanskeleg å få fagutdanna bibliotekarar i små deltidstillingar. Korleis kan denne utfordringa løysast? Interkommunalt samarbeid? Kjøp av tenester? Tverrfaglege stillingar i kommunen?

Økonomi. Som store delar av kommunal sektor så har mange av biblioteka ikkje fått justert budsjetta dei siste åra. Mange får berre justert for lønsvekst, mens prisveksten må takast ved kutt og omprioriteringar. Folketalsvekst er òg ei utfordring, ved at det blir fleire potensielle brukarar utan at ein har ressursar til å følgje opp. Dette skapar utfordringar når ein samstundes skal utvikle tenestene, sidan ein veldig sjeldan berre kan kutte ut gamle tenester når nye kjem.

Lokale. I Bibliotekmeldinga er det eit klårt ønske om at det blir lagt meir vekt på biblioteket som møtestad, lærings- og kulturarena. Dette krev plass. Trass i at det stadig skjer oppgradering av lokala ein del stader, så er det framleis relativt store kommunar som ikkje har høvelege lokale til å dekkje behovet for arrangement og andre aktivitetar rundt mediesamlinga.

2.4 Utdanningsbibliotek

Utdanningsbibliotek er ein stor sekkepost som inkluderer alt frå kommunale grunnskulebibliotek, via fylkeskommunale vidaregåande skular sine bibliotek til dei statlege høgskule- og universitetsbiblioteka.

Den store skilnaden mellom utdanningsbiblioteka og folkebiblioteka går på føremålet. Der folkebiblioteka skal vera opne for alle, fremje opplysning og kultur og den "frie tanken", så er føremålet til utdanningsbiblioteka meir funksjonelt. Deira oppgåve er fyrst og fremst å bidra til at måla i læreplanane på dei ulike nivåa blir nådde.

Når det er sagt, så er det mykje felles i bibliotektypane òg. Det er dei same prinsippa for kunnskapsorganisering, formidling er viktig i alle biblioteka og ein deler på ressursane på tvers av bibliotektypane gjennom fjernlånssystemet.

2.4.1 Grunnskulane

Skulebiblioteka i grunnskulane er heimla i Opplæringslova, der det står i sjølve lova at elevane skal ha tilgang til skulebibliotek, og i forskrifta til Opplæringslova der det står:

§ 21-1. Tilgang til skulebibliotek

Skolen skal ha skulebibliotek med mindre tilgangen til skulebibliotek er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek. Bibliotek som ikkje ligg i skolen sine lokale, skal vere tilgjengeleg for elevane i skoletida, slik at biblioteket kan brukast aktivt i opplæringa på skolen. Biblioteket skal vere særskilt tilrettelagt for skolen.

Lova eller forskrifta seier ingenting om kor store stillingsressursar det skal vera eller om nivå på tenesta. Men det står tydeleg at det skal vera skulebibliotek eller SAMARBEID med andre bibliotek. Dette er det sær sars varierende praksis på, alt frå at ein lærar har 1-2 timar i veka med hovudsakleg rydding, til skular med 1 årsverk, eller at det rett og slett er integrert ein folkebibliotekfilial (eller til og med hovudbiblioteket) med ein skule.

Utfordringa for mange skular er korleis dei skal utnytte ressursar til biblioteket i opplæringa utover lesestimulering. Det finst mange gode døme på at gode skulebibliotek bidreg til å gjera læringa betre, særleg ein del større kommunar har valt å satse på det. I Rogaland er det rett å trekkje fram Stavanger og Hå som gode skulebibliotek-kommunar.

Fylkesbiblioteket har hatt lite med skulebiblioteka i grunnskulen å gjera, anna enn at skulane blir inviterte til kurs og konferansar som handlar om barne- og ungdomslitteratur. Så vidt vi er kjent med gjennomfører ikkje fylkesmannen tilsyn med stoda på skulebibliotek i grunnskulen.

2.4.2 Vidaregåande skule

Biblioteka i den vidaregåande skulen er heimla i same lov og forskrift som i grunnskulen.

I Rogaland fylkeskommune har det skjedd eit omfattande løft i skulebiblioteka dei siste åra, mellom anna som resultat av at det er vedteke ein strategisk plan for skulebiblioteka i den vidaregåande skulen:

https://wiki.rogfk.no/groups/rfkinfowiki/f3c26/Strategisk_plan_for_skolebibliotekene.html

I den eksisterende lov om folkebibliotek er det slege fast at det skal vera eit samarbeid mellom fylkesbiblioteket og skulebiblioteka i den vidaregåande skulen. Det blir fyrst og fremst ivareteke ved at fagstyret for skulebiblioteka og fylkesbiblioteket held kvarandre oppdaterte om gjensidig relevante tiltak og hendingar. I tillegg blir fylkesbiblioteket involvert i Den kulturelle skulesekken, og skulane blir involverte i Hele Rogaland lesar kvart år.

2.4.3 Høgare utdanning

I Rogaland har vi eitt universitet og fem andre høgskuletilbod på ulike nivå. Alle desse har gode bibliotektenester. Høgare utdanning og forskning kan ikkje skje utan ei oppegåande bibliotekteneste som skaffar fagstoff og annan informasjon og hjelper studentar og forskarar fram. Bibliotektenesta er ein naudsynt infrastruktur på eit moderne universitet og høgskule. Forma har endra seg veldig dei siste åra, gjennom at meir og meir av informasjonen er digital. I motsetnad til i folkebiblioteka så er desse biblioteka fullt oppegåande på digitale tenester. Dette har gjort at innkjøpskostnadene har eksplodert p.g.a. lisenskostnader.

Desse biblioteka er integrerte i fjernlånssamarbeidet med folkebiblioteka. Dette får av og til nokre merkelege utslag: avtalen mellom universiteta og Kopinor gjer at dersom eit folkebibliotek bestiller ein artikkel i eit papirtidsskrift frå eit høgskulebibliotek, så kan høgskulebiblioteket skanne inn artikkelen og sende på e-post til folkebiblioteket. Dersom folkebiblioteket derimot bestiller ein artikkel frå eit digitalt tidsskrift eller kapittel frå ei e-bok, så må høgskulebiblioteket skrive ut artikkelen/kapitlet og sende som brev. Der er det ein annan avtale som gjeld. Dette er ei av utfordringane som vonleg kan bli løyste i åra som kjem.

2.5 Nasjonalbiblioteket

Nasjonalbiblioteket (www.nb.no) har vorte den einaste store nasjonale aktøren på bibliotekfeltet, særleg for folkebiblioteka. Heile mandatet kan lesast her: <https://www.nb.no/Om-NB/Fakta/Mandat>.

Av tenester NB utviklar for resten av bibliotekfeltet og publikum er www.bokhylla.no truleg den viktigaste. NB har no fått ein avtale med Kopinor som gjer at stort sett all litteratur utgjeven i Noreg føre 2000 blir digitalt tilgjengeleg på bokhylla.no for alle med internettilgang i Noreg. Åndsverkslova seier at bøker skrivne av forfattarar som gjekk bort for meir enn 70 år sidan er frigjeven for kopiering, digitalisering m.m. Desse bøkene kan dimes lastast ned til eigen PC/nettbrett frå bokhylla.no. Forfattarar som har gått bort dei siste 70 åra eller lever enno kan lesast på skjerm på bokhylla.no, men ikkje lastast ned. Dimes kan t.d. Garborg-ane sine bøker lastast ned og lesast kvar som helst, medan Åse Marie Nesse sine bøker berre kan lesast på ein PC/nettbrett med internettoppkopling.

NB har òg ei viktig oppgåve som utviklingsaktør gjennom at dei gjev tilskot til bibliotekutvikling ute i biblioteka. Mange bibliotek i Rogaland har fått tilskot til å utvikle nye tenester og tiltak, døme er Vindafjord, Hå, fylkesbiblioteket, Stavanger og fleire. Eit stort tiltak NB òg jobbar med for heile biblioteksektøren er Biblioteksøk (www.nb.no/bibsok). Dette skal bli ein felles søkestad for alle norske bibliotek, der

lånarane i prinsippet skal kunna søkje etter kva bok som helst og bestille direkte til sitt bibliotek. Førebels er det berre bibliotekarar som kan bestille på vegner av lånarane, lånarinitiert bestilling er framleis eit stykke unna.